

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Clarion Airport Hotell, Bergen
MØTETIDSPUNKT: 26.02.2016 KL. 09:00 – 11:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)

SAKLISTE	UNDERLAG
Sak 001/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 002/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 17.12.2015	Vedlagt
Sak 003/16 Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak 004/16 Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015	Vedlagt
Sak 005/16 Forslag til årsmelding Sjukehusapoteka Vest 2015	Vedlagt
Sak 006/16 Forslag til risikostyringsparameter Sjukehusapoteka Vest 2015	Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 007/16 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 008/16, sak 009/16 og sak 010/16 var behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 008/16	Risikovurdering 3. tertial 2015 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 009/16	Verksemdsrapport per desember 2015 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 010/16	Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør (utsett frå førre møte) (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

OPE DEL

Sak 001/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.
Ingen saker meld til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 002/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 17.12.2015

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 17.12.2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 17. november 2015.

Sak 003/16 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

1. Rapportering tilsynssaker

*ingen nye saker

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

*ingen saker

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Utgreiing om mogeleg samanslåing av Sjukehusapoteka Vest HF og Sykehusapotekene HF

*sak var sendt ut 25.02.16.

Det har vore to tidlegare utgreiingar om å etablere nasjonalt sjukehusapotekføretak, i 2002 og 2007. I både høva var konklusjon å oppretthalde 4 regionale føretak. Helse Vest RHF og Helse Sør Øst RHF vil no foreta ny utgreiing sidan det har vore stor utvikling på fleire område sidan 2007. Stramme økonomiske rammar gjer det nødvendig å sikre best mogleg organisering av sjukehusapotek, og ein vil sjå på moglege gevinstar ved å slå Sjukehusapoteka Vest HF og Sykehusapotekene HF. Sykehusapoteket Nord og Sykehusapotekene Midt vil kunne integrerast i arbeidet.

Det er utarbeidd eit førebels mandat for utgreiinga der strategiske fokusområder og aktuelle gevinstområder er omtala. Mandatet legg og opp til brei medverknad med tilsettere representantar i Styringsgruppe og Prosjektgruppe. Mandatet legg til grunn at arbeidet vert utført våren 2016. Det vert lagt vekt på god involvering og kommunikasjon undervegs og sluttrapport vert drøfta med tillitsvalde før den vert handsama i Styret i Sjukehusapoteka Vest og i Styret Helse Vest RHF.

Dei tilsette sine representantar og tilsette vart informert 25.02.16. Utfall av utredninga er ikkje førehandsbestemt, og føretaka opprettheld drift og utvikling som normalt i utgreiingsperioden. I høve utfall vert samanslåing vil dette organisert i eige etableringsprosjekt.. Det vert ikkje tilsett Administrerande Direktør i Sjukehusapoteka Vest før utfall av utgreiing føreligg.

Styret er oppteken av at det vert gjort ei god utgreiing og ber om statusrapportering i dei komande styremøta. Styret ber om at ikkje berre økonomiske tilhøve vert vektlagt men at ein ser samla på forhold som sikrar best mogleg leveranse til sjukehusa med omsyn til samhandling med sjukehusføretaka, pasienttryggleik, tryggleik for leveransar, organisasjon og medarbeidar, brukarmedverknad og at IKT-området vert vurdert. Styret ber og om auka kjennskap til organisering av sjukehusapotekdrift i regionane Midt og Vest samt at det vært utarbeidd god interessentanalyse og om mogeleg at dette vert teke inni mandatet for arbeidet. Styret ynskjer å halde fram med strategiprosess i høve til plan med nokre justeringar i høve til utgreiinga. Dette arbeidet skal sjåast i samanheng med regionene sitt strategiarbeid (Helse 2030) .

5. Munnleg orientering

*Resultat 2015

*Plan ombygging Sjukehusapoteka i Bergen og Stavanger

*Periodisk miljøreivisjon 23-25 februar 2015

*Status tilsetting Sjukehusapotekar i Bergen

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Sak 004/16 Forslag til årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015

Oppsummering

Forslag til Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest 2015 vart gjennomgått og kommentert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek forslag til Årsrekneskap for 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF til førebels vitande og seier seg nøgd med samla resultat. Styret ber om at Årsrekneskap for 2015 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt frem for endeleg godkjenning i styremøte 13.04.2016.

Sak 005/16 Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2015**Oppsummering**

Forslag til Årsmelding for Sjukehusapoteka Vest 2015 blei gjennomgått og kommentert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek forslag til Årsmelding for 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF til førebels vitande, og ber om at Årsmelding for 2015 vert oppdatert med innspel frå styret og lagt fram for endeleg godkjenning i styremøte 13.04.2016.

Sak 006/16 Risikostyringsparameter 2016**Oppsummering**

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikostyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 10.12.2015 (Sak 116/15) vedteke 3 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Helse Vest peika i denne saka ikkje ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest, men da Sjukehusapoteka Vest er et verktøy for Helse Vest i reduksjon av skader knytt til legemiddel har Sjukehusapoteka Vest likevel vald som i 2015 å foreslå å nytte Styringsmål 1 – Tal på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018 – som eit styringsmål for Sjukehusapoteka Vest også i 2016, men noko spissformulert.

I tillegg føreslær administrasjonen å vidareføre styringsmål 2 frå 2015 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen) og styringsmål 4 frå 2015 (alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar) har standardisert god kvalitet og vert betra kontinuerleg med brukaren/ kunden og beste praksis i fokus) i 2016. Årsaka til dette er at styringsmåla framleis peikar seg ut som dei viktigaste områda for styring av risiko og iverksetjing av tiltak. Innanfor desse to områda er tiltaka tilpassa den utviklinga ein ser i verksemda ved inngangen til 2016. og oppgåver som er gjevne SAV i styringsdokument for 2016.

I tillegg til foreslær administrasjonen et nytt styringsmål knytt opp mot bidrag for å sikre pasienten si helseteneste der delmåla er retta inn mot tilgjengelegheit og service ovanfor kunde, samt koordinering av beredskap og styring av legemiddelkostnader.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil helseføretaket utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Denne prosessen vil bli teken ut i organisasjonen i mars. Styret vil få rapportering på risikostyring i juni (T1 2016), oktober (T2 2016) og fyrste styremøte i 2017 (T3 2016). Ved årsslutt vil det som ein del av Årleg melding verte utarbeidd ei oppsummering av risikobildet for året.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek risikostyringsmål i Sjukehusapoteka Vest til orientering og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2016, med vurdering av dei innspel til endringar som kom fram i møtet.

Sakar til orientering

Sak 007/16 Eventuelt

Ingen saker meldt til eventuelt

Skriv og meldingar og eventuelt

Styret fekk delt ut ny tenestekatalog, ny pasientbrosjyre og anna markedsmateriell.

LUKKA DEL

Sak 008/16 Risikovurdering 3. tertial 2015

Oppsummering

Risikorapportering per 3. tertial blei gjennomgått og kommentert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek risikovurdering per 3. tertial 2015 til etterretning.

Sak 009/16 Verksemdsrapport per desember 2015

Oppsummering

Verksemdsrapporten blei gjennomgått og kommentert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per desember 2015 til etterretning.

Sak 010/16 Styret si eigen evaluering og vurdering av administrerande direktør (utsett frå førre møte)

Oppsummering

Saka er utsett frå styremøte 17.12.2015 (sak nr 063/15). Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar, som igjen vidareformidlar til Helse- og omsorgsdepartementet. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør vert gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF for 2015 på utarbeidd mal frå Helse Vest RHF.
3. Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF, som samordnar og sender samla oppsummering frå Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet.

Ref. Berit Berntsen

29.02.2016

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem

Anne Sissel Faugstad	Medlem
----------------------	--------

Inger Cathrine Bryne	Medlem
----------------------	--------

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

Bente Mari Rolfsnes	Medlem
---------------------	--------

Gunvald Iversen	Medlem
-----------------	--------